



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Stongfjorden Vekst AS
6984 Stongfjorden

Deres ref.

Vår ref.
13/708-16

Dato
30.07.2013

**Statsbudsjettet 2013 - Kap. 552, post 72 - Tilsegn om tilskot på inntil
398 000 kroner til Stongfjorden Vekst AS, Europeisk arbeidsinnvandring –
Bulyst 2013**

Tilsegningsnummer: 13242069

Vi viser til:

- Utlysning av bulystmidlar på www.regjeringa.no/bulyst
- Søknad frå Stongfjorden Vekst AS

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) gir med dette tilskot på inntil 398 000 kroner til prosjektet Europeisk arbeidsinnvandring i regi av Stongfjorden Vekst AS i 2013. Dette er ei eingongsløyving for heile prosjektperioden. Prosjektet kan ikkje rekne med ytterlegare medfinansiering frå KRD.

Målet med bulystsatsinga

Målet med satsinga på bulyst er å vidareutvikle kunnskap om korleis lokale og regionale utviklingsprosjekt skapar bulyst og attraktive stader. Utvikling av attraktive regionar og sentra for folk og næringsliv er viktig for å nå distrikts- og regionalpolitiske mål. Dei 49 prosjekta som er valde har ulik innretting, ulike tema og stor geografisk spreining. Dette viser breidda og variasjonen knytt til omgrepet bulyst. Vi er opptekne av at bulystsatsinga skapar læring, merksemd og engasjement rundt lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

Departementet vil oppfordre fylkeskommunane til å ta ein rådgjevar- og støttespelarfunksjon for dei utviklingsprosjekta som no får støtte gjennom

Postadresse

Kontoradresse

Saksbehandler

<http://www.krd.dep.no/> postmottak@krd.dep.no Sentral: 22 24 90 90

Org. nr. 972 417 858

bulystsatsinga. Vi ser fylkeskommunane som ein heilt sentral nettverksbygger og regional tilretteleggjar for lokale prosjekt. Med utgangspunkt i fylkeskommunane si rolle som regionale utviklingsaktørar er det naturleg at dei tek støttespelarrolla for prosjekta. Vi ynskjer at fylkeskommunane inkluderer dei som har lokalt prosjektansvar for bulystprosjekta i sitt arbeid med lokal- og regional utvikling.

Kompetansesenteret for distriktsutvikling (Distriktssenteret) har ei sentral rolle i arbeidet med bulyst, både når det gjeld kunnskapsbygging og formidling. Prosjektansvarlege bør òg bruke www.distriktssenteret.no. Det er ein viktig portal for å finne erfarings- og forskingsbasert kunnskap frå andre satsingar og prosjekt.

Vedlagt finn de ein rettleiar frå Norsk senter for bygdeforskning om lokal samfunnsutvikling. Rettleiaren kan lastast ned via følgjande lenkje, <http://www.regjeringen.no/upload/KRD/LUK/Fagstoff/Veilederilokalsamfunnsutvikling.pdf>. Vi har også lagt ved eit hefte frå Distriktssenteret som oppsummerar kunnskapen Distriktssenteret har om gode grep i lokalt utviklingsarbeid.

Erfaringsoverføring og læring er ein viktig del av bulystsatsinga. Representantar for prosjektet må difor vere villige til å delta i evalueringar og på eventuelle nettverkssamlingar for å presentere prosjektet og dele kunnskap. Kunnskapsdeling kan skje både mellom dei ulike pilotane, og frå pilotane til KRD og Distriktssenteret. Vi ynskjer at prosjekta skal vere synlege, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Mål for prosjektet Europeisk arbeidsinnvandring

Prosjektet Europeisk arbeidsinnvandring i Askvoll kommune er ei vidareføring av eit forprosjekt, som ga ei netto tilflytting på 44 personar, samt 8 nye arbeidsplassar i Askvoll kommune. Målet for dette prosjektet er å skaffe 100 nye tilflyttarar, ca 25 familiar, og bidra til at minst ein vaksen person i kvar av familiarne som flyttar og er i arbeid. Midlane skal mellom anna nyttast til å byggje nettverk mellom moglege arbeidssøkjjarar og samarbeide med næringsliv og organisasjonar i deira arbeid med rekruttering, slik som NAV/Eures i tillegg til ei lang rekkje næringsnettverk.

Kostnadsoverslag

Prosjektet har eit totalbudsjett på 927 255 kroner. KRD gjev tilsegn om inntil 398 000 kroner over kap. 552, post 72 i 2013.

Følgjande budsjett ligg til grunn for tilskotet, for heile prosjektperioden, som avsluttast i 2013 :

Kostnadsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Administrativt arbeid	20 000					20 000
HA 2, Bygge nettverk, arbeidssøkere	132 800					132 800
HA 3, Nettverk, arbeidsmarked og kommuner	79 500					79 500
HA 4, Kompetanseheving, rekruttering	131 265					131 265
HA 5, Gjennomføre regional workshop	110 490					110 490
HA 5, Rekrutteringsmesse lokalt	44 450					44 450
HA 6, Praktisk intergreringsarbeid	265 000					265 000
HA 7, Språkkurs	13 750					13 750
HA 8, Videreutvikling web	50 000					50 000
Møtekostnader	40 000					40 000
Reisekostnader	40 000					40 000
Sum kostnad	927 255					927 255

Vi gjer merksam på at midlar over kap 552.72 ikkje kan nyttast til investeringar i bygningar eller anna fysisk infrastruktur. Tilskotet skal som hovudregel ikkje nyttast til investeringar i utstyr. Unntaket er mindre investeringar som er avgjerande for gjennomføringa av aktiviteten. Tilskot til utstyr skal normalt ikkje overstige 10 pst. av prosjektkostnadane. Sjå retningsliner for posten på www.regjeringen.no/krd/retningslinjer.

Høvet til EØS-regelverk

Kommunal- og regionaldepartementet har vurdert det slik at Stongfjorden Vekst AS i denne samanhengen ikkje driv med økonomisk aktivitet og at Stongfjorden Vekst AS ikkje skal sjåast som eit føretak i EØS-avtalen sin forstand. EØS-avtalen sine reglar om offentleg stønad vert difor ikkje brukt på tilskotet.

Vi ber Stongfjorden Vekst AS vere merksam på at dersom Stongfjorden Vekst AS vidareformidlar heile eller delar av tilskotsbeløpet til andre aktørar må Stongfjorden Vekst AS halde seg til reglene om offentleg stønad.

Stongfjorden Vekst AS bør også vere merksam på at dersom det vert gjort endringar i prosjektet vil dette kunne føre til at aktiviteten i prosjektet endrar karakter frå å vere ikkje-økonomisk til å være økonomisk. I slike høver vil reglane om offentleg stønad kunne kome til nytte.

Vilkår for utbetaling av midlar:

1. Stongfjorden Vekst AS må innan 1. september 2013 stadfeste ovanfor departementet at det er aktuelt å gjennomføre prosjektet, og at tilskottet vert motteke på vilkåra i dette brevet. Prosjektarbeidet må ikkje settast i gang før den samla finansieringa er på plass. Tilbakemeldinga til departementet må òg innehalde opplysningar om kva kontonummer pengane skal overførast til.
2. Prosjektet kan gjere mindre omprioriteringar og justeringar dersom dette er gunstig for å nå måla i prosjektet. Større endringar, som medfører endringar i prosjektet sitt totale budsjett, må godkjennast av departementet.
3. Det skal førast spesifisert rekneskap for arbeidet. Rekneskapen skal settast opp slik at utgiftene kan samanliknast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilskottet. Dersom arbeidet ikkje blir utført i omfanget de har skildra i søknaden, eller til dei kostnader de har gitt opp i søknaden, vil departementet redusere tilskottet tilsvarande. Tilskottsmidlar som departementet har utbetalt kan òg bli kravd tilbakebetalt, heilt eller delvis. Rekneskapsmaterialet skal oppbevarast i 10 år.
4. Riksrevisjonen, Kommunal- og regionaldepartementet eller dei departementet gir mynde, kan krevje informasjon frå tilskottsmottakar og sette i verk kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Dette er i samsvar med Løyvingsreglementets § 10 og Lov om Riksrevisjonen § 12. Tilskottsmottakarar har plikt til å gje opp dei opplysningane som Riksrevisjonen, departementet eller andre som departementet har delegert kontrollmynde til, forlangar.

Rapportering og kontroll

Læring og erfaringsoverføring er eit sentralt mål for bulystsatsinga. Difor ber vi dykk leggje vekt på god rapportering av prosjektarbeidet, både undervegs og med ein eigen sluttrapport.

Alle prosjekt som får støtte skal sende inn ein årleg rapport til departementet. Denne skal innehalde omtale av aktivitetar og tiltak, og gjere greie for eventuelle justeringar av prosjektplanen, både når det gjeld framdrift og aktivitetar. Sjå vedlagde rapporteringsskjema.

Vi ber om at den første, årlege rapporten vert sendt til departementet seinast 24. april 2014. De finn eit eige rapporteringsskjema som skal nyttast til rapporteringa på www.regjeringen.no/bolyst. Papirkopi av skjemaet er òg lagt ved dette brevet.

Utbetaling

For å få midlar må prosjekteigar be KRD om å gjere ei utbetaling (utbetalingsoppmoding).

Utbetalinga blir som hovudregel gjort i tre omgangar.

1. Departementet *kan* utbetale inntil 25 pst. av tilskottet når prosjekteigar har akseptert vilkåra i dette brevet, og arbeidet har starta opp (førehandsutbetaling).

2. Når departementet har motteke dokumentasjon av faktiske utgifter, vert inntil 50 pst. av det samla tilskottet utbetalt (etterskottsutbetaling). Dokumentasjon av utgifter bør følgje den årlege rapporteringa.
3. Den siste delen av tilskotet skal utbetalast når prosjektaktiviteten er fullført, og sluttrapport og eventuell revisorstadfesta rekneskap (sjå punkt 5) er sendt inn (etterskottsutbetaling).
4. Alle prosjekt skal levere sluttrapport og prosjektrekneskap.
5. I tillegg skal revisorstadfestande rekneskap leverast av:
 - a) Private tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 100 000 kroner, jf. RS 800 Revisors uttale ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.
 - b) Offentlege tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 400 000 kroner, jf. RS 800 Revisor sine uttaler ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.
6. Tilskotet er gyldig i tilsagnsåret, og dei to påfylgjande åra. Prosjektet må vere avslutta slik at siste utbetaling frå departementet kan gjerast seinast innan utgangen av 2015. Utbetalingsoppmoding må sendast til departementet innan 1. desember 2015.
7. Prosjekteigar har ansvar på vegne av prosjektdeltakarane. Dette gjeld òg det finansielle ansvaret.

Ved kontakt med departementet om utbetaling må tilsegnnummeret som står øvst i dette brevet nyttast. Ved utbetaling av midlar er dette nummeret gitt på utbetalingsblanketten.

Kommunal- og regionaldepartementet ber om at følgjande opplysningar blir sende til postmottak@krd.dep.no:

- Stadfesting på at prosjektet vert gjennomført og på at medfinansiering er på plass
- Behov for eventuell førehandsutbetaling
- Kontonummer og oppmodingar om utbetalingar (sjå under "Utbetaling").
- Ved store endringar i prosjektet: Ny framdriftsplan
- Årleg rapport (innan 24. april kvart år)
- Ved prosjektslutt: Sluttrapport og rekneskap i tråd med retningslinene over.

Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer dykk lykke til med prosjektet.

Med helsing

Eli Nygaard (e.f.)
fung. avdelingsdirektør

Anne Benedicte Akre
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Vedlegg:

- Rettleiar i lokal samfunnsutvikling
- [Rapporteringsskjema for bulyst \(word\)](#)
- Lokalt utviklingsarbeid

Kopi:

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling	Ogndalsveien 2	7713	STEINKJER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset	6863	LEIKANGER
Olsen, Kirsten			
Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL